



KONGELIG RESOLUSJON

Klima- og miljødepartementet

Ref.nr.:

Statsråd: Tore Onshuus Sandvik

Saksnr.: 24/3756-

Dato: 20.12.2024

Forskrift om vern av Stad marine verneområde

1. INNLEIING

Klima- og miljødepartementet legg med dette fram forslag om å opprette Stad marine verneområde i Stad og Kinn kommunar i Vestland fylke. Det føreslegne marine verneområdet omfattar eit sjøareal på 166,7 km², der alt er nytt verneareal. Privat grunn er omfatta i avgrensa omfang.

Stad blir føreslege verna som marint verneområde med heimel i naturmangfaldlova § 39, noko som inneber at verneforskrifta skal bli gitt av Kongen i statsråd. Det føreslegne området tilfredsstiller vilkåra i § 39 bokstavane b, c, d og f, då det:

- b) inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur
- c) representerer ein bestemt type natur
- d) på ein annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald
- f) har særskilt naturvitskapleg verdi

Vern av det førelegne området vil bidra til å oppfylle nasjonale og internasjonale mål og pliktar, jf. naturmangfaldlova § 46. Vern av området vil bidra til å oppfylle følgjande nasjonale mål under resultatområdet Naturmangfald, jf. Prop. 1 S (2023-2024) for Klima- og miljødepartementet: "Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar". Vern vil også bidra til dei nasjonale måla om bevaring av økosystem og artar og naturtyper.

Videre vil vern av området bidra i gjennomføringa av internasjonale mål knytt til marint vern, bl.a. FNs berekraftsmål, og under Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) og Konvensjonen om bevaring av det marine miljø i Nordaust-Atlanteren (OSPAR). Etter vedtatt vern vil marine verneområde etter naturmangfaldlova bli rapportert til OSPARs liste over "marine protected areas".

Det føreslegne verneområdet skal vidare bidra til å nå dei lovfesta måla for områdevern i naturmangfaldlova § 33, irekna mål knytt til:

- a) variasjonsbreidda av naturtypar og landskap
- b) artar og genetisk mangfald
- h) referanseområde for å følgje utviklinga i naturen.

Verneforslaget er utarbeidd i tråd med reglane i naturmangfaldlova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen. Verneprosessen er også gjennomført i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldlova og etter forvaltningslova. Prosessen har vore inkluderande. Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser, og verneforslaget er i størst mogeleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området.

2. NÆRARE OM OMRÅDET

Det føreslegne verneområdet ligg nordvest i Stad kommune, tidlegare Selje kommune før samanslåing. Ein liten del av området ligg i Kinn kommune, tidlegare Vågsøy kommune. Stad og Kinn kommune ligger i Vestland fylke, tidlegare Sogn og Fjordane. Det er lite inngrep i området. Den føreslegne vernegrensa er i hovudsak trekt utanom moloar og hamner og utanfor privat grunn.

Stad kommune vedtok i 2022 ein kommunedelplan for sjøareala. I denne planen er arealet som er føreslått for marint vern lagt ut som «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» for natur, friluftsliv, ferdsel, farlei og fiske. Størstedelen av det føreslegne verneområdet er i tillegg vist med omsynssone H560 for bevaring av naturmiljø. Kinn kommune har starta opp arbeidet med å utarbeide ein revidert arealdel for heile Kinn kommune. Kommunen har vurdert at oppretting av eit verneområde ved Stad er i tråd med Kinn kommune sin temaplan for klima, berekraft og naturmangfald og med overordna planlegging.

Verneområdet grensar til Utvalde kulturlandskap i jordbruket - Stadlandet langs den sørvestlege kystlinja til halvøya. Det utvalde kulturlandskapet omfattar i stor grad slåttemarkar, naturbeitemarkar og kystlynghei, og er kjerneområde for den trua husdyrrasen kystgeit, som gjerne beitar på tang og tare i strandlinja.

2.1. Naturtilhøve og verneverdiar

Føremålet med Stad marine verneområde er å ta vare på eit spesielt kystområde med trua, sjeldan og sårbar natur med eit rikt dyreliv, og som representerer naturtypar av særskilt naturvitskapleg verdi. Stad er ein sær god representant for dei mest eksponerte delane av kysten. Farvatnet er delvis grunt, og har særeigne bølgetilhøve på noko av den mest vêrharde kysten i Noreg, der landskap og mangfald ber preg av det. Området utgjer den inste delen av kontinentalsokkelen kring Stad, der dei mest landnære areala har ei djupne større enn 50 meter, og ytst mot storhavet er djupna kring 200 meter. Sør for Stadlandet inkluderer verneforslaget ei aust-vestleg djupvassrenne frå Djupeskallen og inn på nordsida av Sildegapet. Dei sentrale delane av renna er ned mot 300 meter djup. Langs nordsida av renna er det ei bratt skråning og på sørsida av renna er det mange små rygger og åsar.

Mykje av det særprega naturmangfaldet er knytt til havbotnen, mellom anna korallrev, spesielle kalkalgar og store areal med nasjonalt verdifull tareskog. Tareskogen er viktige oppvekst- og beiteområde for eit mangfald av marine artar. Det er kartfesta raudlista artar som til dømes djupvasskorallen augekorall, *Lophelia pertusa*. Videre inneheld området blautbotnområde og ålegrasenger. Området kring Stad inneheld også førekomstar av sokne torvmyrar. Dette er eit element som er spesielt og sjeldsynt i Noreg, sidan dette er eit av dei få kystavsnitta der havet har trengt inn over land etter den siste istida.

2.2. Andre interesser knytt til det føreslegne verneområdet

I området er det i dag interesser knytt til tarehausting, fiske, friluftsliv og rekreasjon, reiseliv, kulturminne og skipstrafikk. Med unntak av hausting av stortare, er området per i dag i liten grad er utsett for inngrep og aktivitetar som belastar økosystemet, men det er fleire potensielle og aukande trugsmål mot verneverdiane framover.

Fiskeridirektoratet har klassifisert felta ved Stad som viktige felt for tarenæringa, jf. nærare omtale i kapittel 4.3.

Det er i dag tre havbrukslokalitetar i sjøareala til Stad kommune, men ingen lokalitetar innaford den føreslegne vernegrensa.

Området har stor trafikk knytt til fiskeri, og det er også betydeleg skipstrafikk i området rundt Stadhalvøya. Skipstrafikken går både i fjordsystemet, med stykkgoods, samt ror- og bulkskip, medan gass-, olje- og kjemikalieskip går i ytre led forbi Stadlandet.

Vidare er det aktivitetar innan turist- og friluftsfiske i Stad kommune. I 2020 var det registrert 13 turistfiskebedrifter i Fiskeridirektoratets register, hovudsakleg plassert sør for det føreslegne verneområdet. Det er fleire campingplassar i tilknytning til sjøen i nærleiken av verneområdet, samt at surfing er en populær aktivitet på strendene nord på Stadhalvøya.

3. VERNEPROSESSEN

3.1. Bakgrunn

Det foreslegne marine verneområdet Stad var blant dei 36 kandidatområda for marint vern som blei peika ut i tilrådinga frå Rådgjevande utval for marin verneplan. Utvalet var breitt samansett og blei satt ned av dåverande Miljøverndepartementet i samråd med dåverande Fiskeridepartementet og Olje- og energidepartementet i 2001. På bakgrunn av bl.a. analyse av utbreiinga til botnlevande marine artar blei kysten delt inn i tre biogeografiske regionar. Potensielle område blei delt inn i seks kategoriar. Utvalet la vekt på at det skulle bli valt ut område frå kvar av dei seks kategoriane innan kvar av dei tre biogeografiske regionane. Utvalet peika på at det vil ta mange år før ein har god oversikt over det biologiske mangfaldet i våre marine område, og la til grunn at det er kjend at det er ein samanheng mellom førekomstar av planter og dyr og botntilhøva generelt. Ulike organismar finst på mudderbotn, sandbotn, stein- og grusbotn og fjellbotn. Andre fysiske miljøtilhøve, som lys, djupne, saltinnhald og havstraumar, spelar også avgjerande roller for førekomst og utbreiing av artar.

Utvalet ga si endelege tilråding i 2004. Utvalet vurderte at dei 36 områda til saman representerte eit godt og balansert utval av undersjøisk natur frå kysten og skjergarden. Det blei lagt vekt på at område skulle vere særigne og representative sett i tilhøve til regionar og kyststrekningar. Det blei også lagt vekt på at områda skulle vere lite påverka og at dei kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking.

3.2. Kunngjering og oppstart

Melding om oppstart av verneprosessen blei kunngjort og send lokale og regionale høyringsinstansar frå dåverande Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) i november 2017. I denne fasen hadde Fylkesmannen møte med tidlegare Selje kommune, og inviterte til ope informasjonsmøte på Leikanger. Fylkesmannen hadde vidare møte med Selje kommune og Fiskeridirektoratet region Vest i juni 2019. På møtet blei ein samde om å halde ei synfaring med lokale representantar, fiskenæringa og taretrålnæringa. Synfaringa blei halden i september 2019.

Statsforvaltaren hadde også møte med Stad kommune i juni 2021.

Det blei meldt oppstart av verneprosess for et sjøareal på 114,5 km², kor det blei tatt utgangspunkt i avgrensinga frå Rådgjevande utval for marin verneplan. På bakgrunn av innspel til oppstartsmeldinga og nye kartleggingar av verneverdiar, der det mellom anna blei identifisert stortareskog og korallførekomstar, blei arealet vurdert utvida til også å omfatte djupet i Sildegapet. Med dette blei også areal i Kinn kommune omfatta. Statsforvaltaren hadde difor dialog og møter med Kinn kommune hausten 2021. Verneforslaget som seinare blei sendt på høyring omfatta etter utvidinga 166,7 km²,

3.3. Høyring

Statsforvaltaren sendte forslaget på alminneleg høyring 9. februar 2022, med høyringsfrist 12. mai 2022. Høyringa blei annonsert i lokalaviser, både i papiravis og i digital utgåve. I samband med høyringa inviterte Statsforvaltaren, i samarbeid med Stad kommune, til eit ope møte i Leikanger i mars 2022. Både Statsforvaltaren og Stad kommune hadde oppslag om høyringa og om folkemøtet på heimesidene.

Følgjande sende innspel til høyringa: Oljedirektoratet, Hoddevik Velforeining, Riksantikvaren, Bergen sjøfartsmuseum, Statens vegvesen, Hoddevik grunneigarlag, Direktoratet for mineralforvaltning, Møre og Romsdal fylkeskommune, Kystverket, Mattilsynet, Eltvik Velforeining, Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), Nordfjord Fiskarlag, Stad kommune, Fiskeridirektoratet region Vest og fleire privatpersonar. I tillegg blir det i det følgjande der relevant vist til innspel gitt i samband med oppstartmeldinga og bekrefta gjennom seinare dialog frå dåverande DuPont Nutrition (no IFF).

Generelle merknader og haldningar til vern

Stad kommune, Hoddevika Velforeining, Bergen sjøfartsmuseum, Hoddevik grunneigarlag, Kystverket, Eltvik Velforeining, Nordfjord Fiskarlag og fleire privatpersonar har gitt uttrykk for at dei er positive til vern av Stad som marint verneområde.

Statens vegvesen har gitt uttrykk for at dei ikkje har synspunkt på om området bør bli verna.

Kystverket skriv at eit marint verneområde, i kombinasjon med mindre skipstrafikk grunna ei realisering av Stad skipstunnel, vil kunne verke positivt på naturmangfaldet i området.

Ein privatperson har på kart teikna inn tre område i Sildegapet med korallfelt og to område med populasjonar raudfisk. I tillegg gis det informasjon om at det i djupet rett nord for Kråkeneset skal vere eit stort korallfelt, noko som har blitt fortalt av gamle fiskarar.

Ingen har uttalt seg generelt negativt til vern av Stad som marint verneområde, og innspela er knytt til avgrensing av og reguleringar innanfor det føreslegne verneområdet.

Avgrensing av området

Stad kommune er positiv til Statsforvaltarens forslag om utviding av området i tilhøve til det opphavelige forslaget frå Rådgevinge utval for marin verneplan. Kommunen ønskjer også at det blir presisert i teksten i verneforskrifta, ikkje berre på detaljkartet, at verneområdet si grense mot land er annleis kring fiskerihamnene enn elles.

Fiskeridirektoratet region Vest og DuPont Nutrition (no IFF) er ikkje positiv til den foreslåtte utvidinga av vernegrensa mot sør, dersom dette inneber forbod mot hausting av stortare, jf. nærare omtale under. Fiskeridirektoratet region Vest foreslår på denne bakgrunn ei ny vernegrense som

berre omfattar ein avgrensa del av det føreslegne verneområdet. Bakgrunnen for forslaget er at dei haustingsfelta som har størst nytte for tarehaustinga framleis skal kunne vere opne.

Det har kome frå innspel frå privatpersonar i Eltvik-området om å ytterlegare utvide verneområdet, slik at det austlegaste punktet blir Rivjesundsholmane, samt at det i heile dette området blir forbode å tråle etter tare.

Tarehausting

Velforeiningar, grunneigarlag, fiskarlag og privatpersonar som har uttald seg støttar forslag om forbod mot hausting av stortare. Dei peikar mellom anna på at tareskogen har ein bølgedempande effekt og reduserer faren for erosjon og stormskadar i strandområda, samt at tareskog er viktige oppvekstområde for fisk og skaldyr. Nokre av dei ønskjer forbod i heile det føreslegne verneområdet, og trekk også fram føre-var-prinsippet som eit argument for å forby taretråling, då dei meiner at det er usikkert kva effekt taretråling vil ha på økosystemet og naturmangfaldet i området på lang sikt.

Stad kommune ønskjer eit forbod mot hausting av stortare i heile det føreslegne verneområdet.

Fiskeridirektoratet region Vest viser til haustingsdata som viser at området er viktig for tarenæringa. Det blir også vist til at ved å avgrense moglegheita for taretråling i verneområdet, vil dette kunne leggje press på andre haustingsfelt langs kysten. Dei meiner difor at taretråling ikkje bør vere forboden i områda som blei lagt til i forkant av høyringa sør i det føreslegne verneområdet.

DuPont Nutrition støttar Fiskeridirektoratets innspel og påpeikar ein pressa råvaresituasjon. DuPont Nutrition meiner at marint vern kan opprettast samtidig som det blir drive taretråling, då dei meiner at grindtrål som blir brukt i hausting ikkje har påvist negativ effekt.

Fiskeri og akvakultur

Nordfjord Fiskarlag stillar seg positive til vern, så lenge det ikkje går utover bruken av aktive og passive reiskapar. Dei peikar også på tareskog om eit viktig oppvekstområde for fisk og skaldyr. Dei har merka ein nedgang i fiskeriet i tida etter oppstart av taretråling, og visar til føre-var-prinsippet når det gjeld regulering av slik hausting.

Fiskeridirektoratet skriv at det blir fiska med snurrevad i vikene ved Stadlandet og viser til at dette fisket må få fortsette uhindra.

Mattilsynet kan ikkje sjå at det føreslegne verneområdet har negativ innverknad på dei områda og oppgåve dei forvaltar, som også gjeld akvakultur.

Petroleumsressursar

Dåverande Oljedirektoratet (no Sökkeldirektoratet) peiker på at Rådgevande utval for marin verneplan i si endelege tilråding frå 30. juni 2004 skriv at «Utnyttelse av eventuelle

petroleumsressurser er ikke nødvendigvis i strid med verneformålet. Ved leting og produksjon må det stilles strenge krav til at det ikke er utslipp eller annen påvirkning som kan skade verneverdier på havbunnen».

Mineralvirksomhet

Direktoratet for mineralforvaltning (DFM) har ikkje innvendingar til oppstartsmeldinga, og viser til at det ikkje er registrert regionale eller nasjonalt viktige mineralressursar i direkte tilknytning til det foreslegne verneområdet. På Stad er det uttak i drift som ligg nært inntil grensa. Om det vert funne førekomstar av mineralske ressursar i verneområdet, kan eventuelt uttak bli vurdert konkret i kvart enkelt tilfelle ut i frå den generelle dispensasjonsføresegnene i naturmangfaldlova § 48.

Navigasjonsinstallasjonar og farleistiltak

Kystverket meiner at det bør vere eit generelt unntak frå vernereglane for oppføring, fjerning, nyetablering og endring av navigasjonsinnretningar, slik at det ikkje ligg til forvaltningsstyresmakta å vurdere om ei naudsynt navigasjonsinnretning kan bli etablert. Dei meiner dette kan vere med på å redusere risikoen for uhell i området. Dei foreslår i samband med dette eit nytt generelt unntak frå vernereglane med følgjende ordlyd: «Oppføring, fjerning, drift og vedlikehald av navigasjonsinnretningar og farvass-skilt.»

Vasskraftressursar

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) er ikkje kjend med at det foreslegne Stad marine verneområde er i konflikt med kjende vasskraftressursar. NVE ber om at Linja AS, som har områdekonsesjon i området, blir inkludert på høyringslista.

Havvind

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) informerer om at det er gitt konsesjon til Kvernevik Engineering AS for å byggje og drive eit testanlegg for flytande havvind i området. NVE har ikkje registrert at det er noko aktivitet i dette prosjektet, og skriv vidare at Kvernevik Engineering ikkje har sendt miljø-, transport- og anleggsplan til NVE innan fristen. Konsesjonen er gyldig fram til 1. januar 2025, men det er mogleg å søkje om utsett frist for å setje i gang eller eventuelt søke ny konsesjon om Kverneland Engineering ønskjer dette.

Andre inngrep

Stad kommune skriv at det er viktig at verneforskrifta ikkje blir til hinder for etablering av nye avløp som er godkjend etter anna lovverk og ønskjer dette presisert i verneforskrifta. Stad kommune ønskjer også å inkludere ei presisering om at vernereglane ikkje skal vere til hinder for vedlikehaldsmudring av kanal til båtstø og naust. Stad kommune meiner at det i § 5 bør være ope for å kunne vurdere dispensasjon til grunneigarar til mindre uttak av sand til eige bruk. Kommunen forutset at § 6 i verneforskrifta vil bli brukt aktivt, til dømes for å gi dispensasjon for ny teknologi som ikkje strider med verneformålet.

Kulturminne

Riksantikvaren viser til at fylkeskommunen er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker, og handsamar difor ikkje denne saka.

Bergen sjøfartsmuseum skriv at dei kjenner til marine kulturminne innanfor planlagd verneområde på Stad. Museet er positive til marine verneområde og dei effektane dette vil ha på det marine natur- og kulturmiljøet i områda. Det kan være aktuelt for museet å utføre fleire registreringar i områda i samband med planarbeid eller tiltak i framtida.

Forvaltning

Stad kommune meiner at Statsforvaltaren bør vere forvaltningsstyresmakt for det marine verneområdet då kommunen per i dag ikkje har kapasitet til dette. Dette kan endre seg på eit seinare tidspunkt. Eit marint verneområde vil ved endeleg vedtak om vern vere eitt av fleire område i Stad kommune som har ein spesiell vernestatus. På land er det også utvalde kulturlandskap. Stad kommune ber om at forvaltninga av desse områda vert samkøyrd og at det blir oppretta dialog med kommunen om å få til ei god forvaltning.

3.4. Statsforvaltarens tilråding

Statsforvaltaren sendte sin tilråding i saken til Miljødirektoratet i brev av 30. september 2022.

Avgrensing

Etter innspel til oppstartsmeldinga blei det føreslegne arealet utvida til 166,7 km², ved å inkludere området sør for Stadlandet, ned til Liset. Det blei då inkludert stortareskog av nasjonal verdi i tillegg til korall-lokalitetar i Sildegapet. Statsforvaltaren tilrår at grensene blir som foreslått i høyringa. Statsforvaltaren registrerer innspel om ytterlegere utviding forbi Tungevågen og til det austlegaste utstikkande punktet på Stadhalvøya, men tilrår ikkje å leggje til meir areal no. Det vil bli lagt til markering på vernekartet for å syne kor Stålet er, slik at kart og forskrift skal være enklare å lese for alle som ikkje er lokalkjent.

Taretråling

Statsforvaltaren har merka seg at det er eit stort lokalt engasjement mot taretråling, også aust for Stålet. Det blir vist til at dette er eit viktig oppvekstområde for fisk og at lokalbefolkninga og reiselivet erfarer negative effektar av taretrålingsaktiviteten, irekna i form av mykje støy også om natta. Samstundes har Statsforvaltaren merka seg Fiskeridirektoratets innspel om at andre taretrålingsfelt kan bli hardare hausta dersom store areal blir bandlagde. Med eit haustingsområde innanfor det marine verneområdet kan ein også overvake og skaffe meir kunnskap om korleis haustinga påverkar botn og økosystemet. Statsforvaltaren tilrår etter dette forbod mot taretråling i det marine verneområdet vest for Stålet og ned mot Liset. Det blir samstundes, som lagt til grunn i høyringa, tilråda å opne for taretråling aust for Stålet og ned mot naturreservatet Tungevågen.

Fysiske inngrep

Statsforvaltaren viser til at verneføremålet er knytt til sjøbotn. Det vil være i strid med verneføremålet å sprengje, grave, bore eller på anna vis plassere større tekniske installasjonar på botn, mellom anna i samband med petroleumsværksemd. Forvaltningsstyresmakta vil likevel kunne opne for å gje dispensasjon, dersom vilkåra er til stades, for legging av røyrleidningar, kablar eller liknande, gjennom eit marint verneområde, dersom det blir oppdaga petroleumsværseursar utanfor verneområdet. Statsforvaltaren har innarbeidd eit innspel frå NVE i forslag til verneforskrift med ein dispensasjonsheimel for legging av kablar, om mogeleg i korridorar (§ 5 bokstav c).

Navigasjonsinstallasjonar og farleistiltak

Statsforvaltaren viser til at det i den føreslegne verneføreskrifta er mogleg å søkje om dispensasjon til oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleistiltak for å trygge ferdslje til sjøs (§ 5 a). Ved å nytte dispensasjon framføre eit generelt unntak, oppnår vi at det er mogleg å etablere naudsynte navigasjonsinstallasjonar for å redusere risikoen for uhell i verneområdet, samstundes som vi kan setje vilkår om best mogeleg driftsmetode. Til dømes kan aktuelle vilkår være tidspunkt for anleggsarbeid, trasé for eventuelle kablar, eller liknande.

3.5. Sakshandsaming i etterkant av Statsforvaltarens tilråding

Stad kommune kom i brev av 31. oktober 2022 til Miljødirektoratet med merknadar til Statsforvaltarens tilråding knytt til taretråling og ønskjer forbod mot dette i heile verneområdet, også i områda aust for Stålet.

Kinn kommune har handsama saken i etterkant av Statsforvaltaren si tilråding, og stiller seg også positive til vern, jf. kommunestyrets vedtak av 24. januar 2023.

Miljødirektoratet gjennomførte 31. mars 2023 møte med DuPont Nutrition Norge (no IFF) om hausting av stortare ved Stad. I etterkant av møtet sendte DuPont Nutrition oppdaterte opplysningar om haustinga. Det blei gjennomført eit nytt møte 12. mai 2023 for å klare opp ytterlegare spørsmål.

3.6. Miljødirektoratets tilråding

Miljødirektoratet sendte sin tilråding til Klima- og miljødepartementet i brev av 29. juni 2023.

Avgrensning

Miljødirektoratet anbefaler, på same måte som Stataforvaltaren, ikkje at området utvidast ytterlegare til Rivjesundholmane. Dette ville krevje nye utreiingar og ny høyring. Når det gjeld Fiskeridirektoratet region Vest sitt avgrensingsforslag, omfattar dette berre ein avgrensa del av

verneforslaget. Utanfor dette avgrensingsforslaget finnast det viktige verneverdiar, mellom anna korallførekomstar. Miljødirektoratet tilrår etter dette same avgrensing som Statsforvaltaren.

Taretråling

Når det gjelder regulering av taretråling, peikar Miljødirektoratet på at det gjennom heile prosessen har vært signalisert at hausting av stortare skal vere lov aust for Stålet. Ei endring som vil innebere forbod mot hausting også aust for Stålet, vil difor også krevje ny høyring.

Miljødirektoratet tilrår på denne bakgrunnen og på same måte som Statsforvaltaren, forbod mot hausting av stortare i heile det føreslegne verneområdet vest for Stålet, medan slik hausting blir tillate i områda aust for dette.

Fiske

Miljødirektoratet presiserer at forslaget til verneforskrift inneber forbod mot bruk av reiskap som slepast under fisket og i den forbindelse kan røyre botn, likevel slik at bruk av snurrevad er lov.

Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet har mynde til å fastsetje kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for verneområda, og det kan opprettast et rådgevande utval for forvaltninga. I tråd med oppdragsbrev frå Klima- og miljødepartementet, blir forvaltningsmynde for mindre verneområde i første omgang tilbydd til den aktuelle kommunen, med unntak for verneområde som i dag grensar inntil område som i dag blir forvalta av nasjonalparkstyre eller verneområdestyre. Tilbodet omfattar heller ikkje verneområde som strekkjer seg over fleire kommunar. Det føreslegne marine verneområdet omfattar areal i to kommunar. Miljødirektoratet er difor innstilt på at Statsforvaltaren blir forvaltningsstyresmakt for området.

3.7. Sakshandsaming i etterkant av Miljødirektoratets tilråding

Klima- og miljødepartementet gjennomførte møte med DuPont Nutrition (no IFF) 25. september 2023.

4. KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTETS VURDERINGAR

4.1. Nærare om vern som verkemiddel

Marint vern etter naturmangfaldlova skal bidra til at eit utval av representative, særleine, sårbare eller trua marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir tatt vare på for framtida, jf. også Meld. St. 29 (2020–2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur*, jf. Innst. 557 S (2020-2021). Områda skal – saman med areal som er beskytta etter anna lovverk – danne eit nettverk av verna og beskytta område som skal ta vare på økosystem og naturverdiar. Områda skal dekkje variasjonsbreidda i norsk

marin natur. Det blir vidare lagt til grunn at arbeidet med marin verneplan frå 2004 skal halde fram, samtidig som det skal arbeidast med å supplere planen med nye område.

Stad er blant dei 36 områda som blei peika ut som kandidat område i marin verneplan frå 2004. Vern av området blir vurdert å ha positive effektar både for det aktuelle området, og som ein del av en større heilskap, der området inngår i eit nettverk av marine verneområde og beskytta område. Området har naturverdiar som gjer at gjennomføring av vern vil bidra til å oppfylle både nasjonale og internasjonale mål om vern.

Bruk av sektorverkemiddel, som beskyttelse etter havressurslova mot fiskeriverksemd som kan skade verneverdiane, kan vere eit aktuelt alternativ til vern dersom det blir vurdert som tilstrekkeleg å beskytte naturverdiene mot ein enkelt aktivitet eller påverknad. Marine område der beskyttelsen berre består av nærare regler om utøving av fiske, blir fastsett etter havressurslova, jf. naturmangfaldlova § 39. I dette tilfellet er det behov for og sjølv føremålet bak vernet å beskytte naturverdiene mot ulike påverknader og på tvers av sektorar. Områdevern etter naturmangfaldlova vil då vere det aktuelle verkemiddelet.

4.2. Nærare om verneforskrifta

Departementet sluttar seg i hovudsak til Miljødirektoratets forslag til verneforskrift, med nokre mindre justeringar, inkludert nokre justeringar av lovtekniske karakter.

Verneføremål

Verneføremålet som angitt i forskrifta § 1 vil være styrande for kva som kan tillatast i området, i tråd med andre reglar i forskrifta.

Geografisk avgrensing

Departementet sluttar seg til Miljødirektoratets forslag til avgrensing av området, som er angitt i forskrifta § 2 og i vernekart.

Vernereglar

I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Forskrifta § 3 presiserer at vegetasjon og dyreliv er verna mot skade og øydelegging, og gir ei ikkje uttømmende liste over tiltak som ikkje er tillatne i verneområdet.

Generelle unntak frå vernereglane

§ 4 angir generelle unntak frå vernereglane i § 3.

Spesifiserte dispensasjonsreglar

§ 5 listar opp ulike aktuelle tiltak forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gi dispensasjon til. Forvaltningsstyresmakta må då gjere ei konkret vurdering der tilhøvet til verneføremål og

verneverdiar er styrande for avgjerda. Forvaltningsstyresmakta kan også sette vilkår for dispensasjonen for å sikre at verneverdiane ikkje blir påverka.

Det er etter § 5 bokstav j) anledning til å søke om dispensasjon for akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet. Forvaltningsstyresmakta kan difor gi løyve til akvakultur etter ei konkret vurdering av tilhøvet til verneføremålet. Det skal i sakshandsaminga etter verneforskrifta ikkje leggjast større hindringar på akvakulturverksend enn det som er naudsynt for å ivareta verneføremålet, og dispensasjon etter verneforskrifta skal gis så lenge det ikkje er motstrid mellom verneføremålet og tiltaket. I denne vurderinga vil det bl.a. vere av betydning om akvakulturaktiviteten blir antatt å føre med seg miljøskadelege utslepp av næringssalt og partiklar eller betydelege inngrep i sjøbotn. Normale forankringar som ikkje kommer i konflikt med sårbare arter eller habitat på sjøbotnen vil som hovudregel ikkje vere å rekne som betydelege inngrep i denne samanhengen.

Departementet viser vidare til at det i utkast til forskrift § 5 er lagt til ein ny bokstav m. om at det kan gis dispensasjon til «legging av nye avlaupsleidningar og utslepp av reinska kloakk». Dette er for å leggje til rette for naudsynt aktivitet knytt til mellom anna oppfølging av nye krav til avlaup.

Departementet understrekar vidare at ved behandling av søknadar om dispensasjon for etablering av navigasjonsinstallasjonar og andre farleistiltak, jf. bokstav a., skal det leggjast stor vekt på omsynet til ivaretakinga av sjøsikkerheit. Dispensasjon skal gis så lenge det ikkje er motstrid mellom verneføremålet og tiltaket.

Generelle dispensasjonsreglar

§ 6 viser til at forvaltningsstyresmakta også kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfaldlova § 48. Denne generelle dispensasjonsregelen er i forarbeida til naturmangfaldlova omtala som ein «sikkerhetsventil som skal fange opp uforutsette tilfeller eller spesielle/særlige tilfeller som ikke ble vurdert på vernetidspunktet» (Ot.prp. nr. 52 (2008–2009)).

Forvaltning

Forskrifta §§ 7-10 gir nærare reglar om skjøtsel, forvaltningsplan og forvaltningsstyresmakt. Sidan det føreslegne verneområdet strekkjer seg over fleire kommunar, er det i utgangspunktet naturleg at forvaltningsstyresmakta blir lagt til Statsforvaltaren. Departementet understeker at forvaltninga likevel må skje i nær kontakt med dei aktuelle kommunane. I forskrifta § 9 blir det peika på at forvaltningsstyresmakta kan delegerast til kommunar som samtykkjer til det. Dette er slik situasjonen er no likevel ikkje aktuelt i dette tilfellet, men blir presisert med tanke på eventuell seinare utvikling.

Iverksetjing

Det blir føreslått at forskrifta tek til å gjelde straks.

4.3. Nærare om samfunnsøkonomiske konsekvensar

Det føreslegne Stad marine verneområde er ein sær sars god representant for dei mest eksponerte delane av kysten. Farvatnet er delvis grunt, og har særeigne bølgetilhøve på noko av den mest vêrharde kysten i Noreg, der landskap og mangfald ber preg av det. Mykje av det særprega biologiske mangfaldet er knytt til havbotnen, mellom anna korallrev, spesielle kalkalgar og store areal med tareskog, jf. nærare omtale nedanfor. Vern av området vil på denne bakgrunn innebere eit vesentleg bidrag til arbeidet med representativ bevaring av marin natur, og til å nå nasjonale og internasjonale mål knytt til bevaring av marin natur.

Klimaendringar og forsuring av havet er eit aukande trugsmål framover for alle havområde. Særleg relevant i denne samanhengen er førekomstane av stortare, som effektivt tar opp og lagrar CO₂. Vern av området sikrar elles ikkje naturmangfaldet mot klimaendringar, men kan ved at andre påverknadsfaktorar reduserast eller regulerast, gjere at området står betre rusta mot uheldige effektar av klimaendringar. FNs klimapanel har peika på at sjølv om marine verneområde ikkje kan forhindre ekstremhendingar som marine hetebølgjer, kan dei gi marine plantar og dyr ein betre moglegheit til å tilpasse seg klimaendringane utan å måtte ta omsyn til andre stressfaktorar.

Verneframlegget er også vurdert å ha positive verknader for framtidig forskning og kunnskapsinnsamling. Det visast her bl.a. til at området skal tene som referanseområde for forskning og overvaking.

Det er ikkje foreslått restriksjonar i verneområdet som vil avgrense bruken av området til rekreasjon, friluftsliv og naturbasert reiseliv. Vern vil kunne bidra positivt ved å bevare området til slik framtidig bruk.

I forslag til verneforskrift blir det, med unntak for hausting av stortare, i liten grad lag restriksjonar på pågåande aktivitetar. Det er meir utfordrande å vurdere konsekvensar verneframlegget kan ha for verksemd som ikkje er planlagt per i dag, og der ein eventuelt må søke om dispensasjon, eller aktiviteten er forboden i verneforskrifta. I mange tilfelle vil det vere mogleg å finne tilgjengelege alternative lokasjonar utanfor verneområdet. Omsyna som er tatt undervegs i verneprosessen, bidrar også til å redusere moglege negative konsekvensar for eventuell framtidig verksemd.

Gjennom verneforskrifta er det som nemnd opna for å gi dispensasjon til ulike typar tiltak. Ved behandling av dispensasjonssøknadar vil påverknad på verneverdiar og verneføremål bli vurdert, og det vil kunne bli satt vilkår av omsyn til dette. Prinsippa i naturmangfaldlova vil bli vurdert og vektlagde ved handsaming av søknadar om dispensasjon frå verneforskrifta og i arbeidet med forvaltningsplan.

Nærare om tarehausting

Stortare er vår viktigaste marine makroalge, og Norge har Europas største bestandar av denne arten. Taren dannar tette skogar i bølgeeksponerte områder langs Norskekysten. Tareskogane har

høg biomasseproduksjon og skaper eit tredimensjonalt miljø som er tilhaldsstad for mange ulike marine organismar. Meir enn 300 artar av algar og dyr er observert knytt til plantane i tareskogen, og på kvar kvadrat-meter tareskog kan det finnes 100 000 små krepsdyr, sniglar, muslingar, pigghudar og børstemark. Disse dyra er hovudføda til mange av kystfiskebestandene som brukar tareskogen både som føde- og oppvekstområde. Tareskogane er også viktige beiteområde for kystnære sjøfugl som storskarv, toppskarv og teist, som jakter på unge årsklasser av sei og andre småfisk med tilknytning til tareskog. Tareskogsområda ser også ut til å være en nøkkelressurs for dei sterkt reduserte bestandane av krykkjer, alke og lomvi når dei meir pelagiske byttedyra ikkje er til stades. Også sjøpattedyr som sel og nise finner mat i og rundt tareskogen.

I Noreg har det blitt hausta kommersielt etter tare i over 40 år, hovudsakeleg i den ytre skjergarden frå Rogaland til Sør-Trøndelag. Haustinga skjer ved at ein båt dreg ein grindtrål som riv opp stortare frå botn. Tare vert hausta på ca. 5-15 meters djup, men ikkje djupare enn 20 meter.

Havforskningsinstituttet har peikt på at tråling av tare kan påverke heile økosystemet tareskog og alle artene som lever der. Ifølgje Fiskeridirektoratet tek det om lag 3-5 år før tarebiomassen er restituert etter tråling. Etter 6-7 år er all flora og fauna reetablert. Dersom områda er opne kvart femte år, betyr dette at tarebiomassen truleg rekk å bli restituert, men at anna flora og fauna ikkje rekk å reetablere seg. Dette gjeld blant anna dei store mengdene organismar som lever på tarestilken. Forskrifter om hausting av tare blir revidera kvart femte år og regulerer ikkje kor mykje som kan bli hausta. Dette inneber ein usikkerheit når det gjeld moglege effektar av hausting i framtida.

Tare inneheld stoffet alginat, som mellom anna vert brukt i næringsmiddel-, legemiddel- og kosmetikkindustrien. IFF (tidlegare DuPont Nutrition) er i dag einaste aktør innan hausting av stortare i Noreg. Forbod mot tarehausting i heile eller delar av det føreslegne verneområde vil påverke dei framtidige moglegheitene til å hauste tare. Opplysningane frå næringa tilseier at det er området i sør som er aller viktigast for tarenæringa; meir enn 60 prosent av det årlege haustevolumet gjeld dette området.

Basert på innspel frå næringa kan noko av den reduserte tarehaustinga bli kompensert med meir hausting i andre felt. Det vil gje eit større press på andre tarehaustingsfelt langs kysten. Næringa er likevel avhengig av å forvalte tarehaustingsfelt god for å sikre at dei kan hente ut like mykje stortare i framtida.

I oppstartsmeldinga frå 2017 ga Statsforvaltaren uttrykk for at det prinsipielt ikkje bør bli hausta i det mest produktive habitatet i eit marint verneområde, men av omsyn til næringa blei det føreslått å opne for taretråling aust for Stålet (det nordlegaste punktet på Stad). Etter ei samla vurdering slutta Miljødirektoratet seg til denne tilrådinga. Det blei denne samanhengen lagt vekt på langsiktig, representativ bevaring, verneføremål/-verdiar, samfunnsøkonomisk vurdering og innspel som er kome i prosessen.

Klima- og miljødepartementet sluttar seg til Statsforvaltarens og Miljødirektoratets vurdering. Departementet har merka seg at Stad kommune og lokale aktørar ønskjer forbod mot taretråling i heile det føreslegne verneområdet, også aust for Stålet. Samstundes legg vi vekt på dei signala som har blitt sendt gjennom prosessen om at taretråling framleis vere tillaten i desse områda. Vidare blir det lagt vekt på å leggje til rette for at denne næringsverksemda skal kunne fortsette i deler av dei aktuelle områda.

Samla vurdering

Samla sett har avvegingane og endringane som er gjort undervegs i prosessen bidratt til å redusere samfunnsøkonomiske kostnader ved verneframlegget, utan at dette vurderast å få vesentlege negative konsekvensar for føremålet med vernet. I eit samfunnsperspektiv blir forslaget vurdert å ha klare positive konsekvensar for naturverdiane lokalt, regionalt og nasjonalt. Dei negative konsekvensane ved verneframlegget knytt til noko reduserte moglegheiter for hausting av tare i dei aktuelle områda, og blir samla sett vurdert å vere små.

4.4 Budsjettmessige konsekvensar

Forvaltningsplan for området må gjerast ferdig så snart som mogeleg etter vernevedtak, slik at ein har eit godt planverktøy for å forvalte verneområdet. I samband med dette kan det også vere behov for nærare kartlegging av naturmangfaldet, som grunnlag både for overvaking av tilstand, vurdering av tiltak for å ivareta verneverdiane og behandling av dispensasjonssøknadar. I sum vil dette bidra til ein meir treffsikker forvaltning av verneområdet.

Kostnader ved å utarbeide forvaltningsplan varierer frå område til område, og avheng bl.a. av områdets storleik og kompleksitet når det gjeld brukarinteresser. Erfaringstal frå arbeid med forvaltningsplanar for de marine verneområda Gaulosen, Rødberget og Saltstraumen, tilseier ein kostnad i storleiksorden 0,2-0,4 mill. kr. Fordi Stad omfattar et større område, tilseier dette ein samla eingongskostnad i storleiksorden 0,5 mill. kr. for det føreslegne verneområdet. Verktøyet forvaltningsplan på nett for verneområde (FPNV), som no er tilgjengeleg, er forventa å forenkle og effektivisere arbeidet med forvaltningsplanar.

Kostnader ved kartlegging av naturmangfaldet varierer også frå område til område, og avheng av områdets storleik, kompleksitet når det gjelder naturtilhøve og kor detaljert kartlegging det blir lagt opp til. Ein annan faktor er kor detaljert områda er kartlagt på forhand. For å oppnå en treffsikker forvaltning, krevst det meir detaljerte kartleggingar. Til dømes var kostnaden ved kartlegging av Saltstraumen marine verneområde på ca. 1 mill. kr.

Utarbeiding av forvaltningsplanar blir finansiert over kap. 1420.21. Kartlegging kan finansierast over kap. 1420.36.

Eventuelle utgifter til erstatning og gjennomføring av ein eventuell erstatningsprosess, samt merking og oppsetting av skilt, dekkes under kap. 1420.36. Når det gjelder marint vern, er utgiftene pr. område no anslått til 0,2 mill. kr i gjennomsnitt.

Kostnadane blir dekt innanfor aktuelle budsjettpostar og eksisterande budsjetttrammer.

Klima- og miljødepartementet

t i l r å r:

Forskrift om vern av Stad marine verneområde i Stad og Kinn kommunar i Vestland fylke blir fastsett i samsvar med vedlegg til resolusjonen.